

Knopling AS
Øvre Lynghaugen 11A
5038 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3174 - 22/77893

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
13.10.2022

Førehandsvarsel om gebyr for brot - gbnr 322/266 Mjåtvæit

Tiltak: Massedeponering
Byggjestad: Gbnr: 322/266
Tiltakshavar: Knopling AS Rosslandsvegen

Saka gjeld

Alver kommune har tidlegare hatt oppfølging med at det ein periode vart mellomlagra massar på eidegom med gnr. 322 bnr. 266. På bakgrunn av dette bad vi om tilbakemelding frå dykk i brev datert 08.04.21. I svarbrev frå dykk 20.04.21 vart det stadfestat at eideommen vart brukt til dette.

Sidan det i svarbrevet vart opplyst at massane var på veg til å bli fjerna, var det ikkje naudsynt for kommunen å følgje opp med pålegg om retting. Kommunen har stadfestat at det ulovlege forholdet no er retta opp.

Det er likevel tilfelle at forholdet var i strid med plan- og bygningslova då vi ikkje kan sjå at tiltaket vart søkt om og godkjent. Det kan etter plan- og bygningsloven §32-8 fyrste ledd bokstav a verte pålagt gebyr for brot på pbl.

Førehandsvarsel om gebyr for brot

Vi gjev med dette varsel om at Alver kommune, vil kunne fatte vedtak om ileygging av gebyr for brot på plan- og bygningsloven. Det følgjer av føresegna at kommunen kan påleggje gebyr for denne type brot.

Bakgrunn for førehandsvarsel om gebyr for brot

Alver kommune har fått stadfestat at eideommen har vore nytta til mellomlagring av massar. Det går fram av bildedokumentasjon at omfanget er av ein storleik som tilseier at dette er eit søknadspliktig terrenginngrep.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Staden der tiltaket vart utført ligg innanfor reguleringsplanen for Mjåtveit Næringspark. Dette området har særskilte krav i planbestemmelsane for å unngå at partiklar skal kome i Kloppedalsbekken som er ei tilførselselv til Mjåtveitelva. Mellomlagring av massar i dette området utgjer ein særskilt risiko. Vi finn det sannsynlig at ein eventuell søknad om tiltaket ville blitt avslått, då tiltaket ville utgjort ein vesentlig risiko for økt turbiditet på vatn ut frå reinseparken.

Forholdet var søknadspliktig etter plan og bygningslova §20-1 bokstav k. Tiltaket vart ikkje søkt om eller godkjent og kan verte pålagt med gebyr for brot.

Etter plan- og bygningsloven §32-8 første ledd kan gebyr for brot berre verte pålagt om brotet er "gjort med forsett eller utan aktsemd". Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg. Det følgjer av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at «*aktsomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet.*»

Den som eig ein eidegom eller utfører eit arbeid er ansvarleg for at plan og bygningslova følgjast. Alver kommune er av den oppfatning at brotet i dette høvet er uaktsamt fordi vi meiner at omfanget er så stort at tiltakshavar/utførande burde forstått at arbeidet var søknadspliktig eller som eit minimum burde undersøkt dette før arbeidet vart igangsatt.

Foto av det ulovlege tilfellet:



Dykkar rettigheter

De har rett til å uttale dykk før det vert fatta vedtak om ileygging av gebyr for brot. **Frist for uttale er sett til 07.11.22.** Vidare har du i samband med byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4 rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ileygging av gebyr for brot.

Det vert orientert om at endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr 21/3174 eventuelt gbnr 322/ 266.

Aktuelt regelverk

- Varsel om gebyr for brot etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 og byggesaksforskriften (SAK10) kapittel 16.
- Gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 .
- Frist for uttale er minimum 3 veker, jf. plan- og bygningsloven §32-8.

- Rett til å avstå fra å uttale seg i saka, jf. byggesaksforskriften (SAK 10) §16-4.
- Grunnlag for utlegg er endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 siste ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knopling AS Øvre Lynghaugen 11A 5038 BERGEN